
Saksnr: 2023/79162-2**Saksbehandlar:** Endre Korsøen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		22.11.2023
Fylkesutvalet		28.11.2023

Høyring - NOU 2023:23 - Helhetlig forvaltning av akvakultur for berekraftig verdiskaping

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune er nøgd med at NOU 2023:23 omhandlar sentrale problemstillingar og syner løysingsforslag til berekraftig vekst i akvakulturnæringa.
2. Vestland fylkeskommune har forventningar til at det kjem på plass løysingar som bidreg til eit havbruk som i mindre grad enn dagens oppdrett påverkar miljøet, og at dette vil kunne bidra til auka produksjon, verdiskaping og sysselsetting.
3. Vestland fylkeskommune er samd i at kunnskapsgrunnlaget må bli betre, og støttar forslaget om å samle relevant kunnskap i ein felles digital infrastruktur.
4. Fylkeskommunen meiner at kommunane og fylkeskommunane er best eigna til ansvaret for planar i sjøområda, med bakgrunn i fagkunnskap, erfaring, legitimitet og eksisterande samordningsstrukturar.
5. Vestland fylkeskommune meiner det er eit behov for ei styrka og enklare ordning som motiverer til innovasjon og teknologiutvikling i næringane.
6. Berekraftsutfordringane i oppdrettsnæringa i Vestland viser at det snarast må gjerast endringar i regelverket som gjev fortrinn til miljøteknologi. Nærings- og fiskeridepartementet kan opne for at nedtrekk i lakseproduksjon i «raude produksjonsområde» kan overførast til anlegg og lokalitetar med teknologi som ikkje bidreg til utslepp av lakselus. Dette bør skje allereie ved fastsetting av forskrift om kapasitetsjustering i 2024.
7. Bortfall av undervisningsløyve vil svekke dei vidaregåande skulane sitt undervisningsopplegg innan akvakulturfaget. Ordninga med undervisningsløyve må vidareførast.
8. Vestland fylkeskommune ynskjer å vidareføre dagens modell der fylkeskommunane er ein effektiv samordnar i kompliserte søknadsprosessar. Vestland fylkeskommune er usikker på kva utvalet legg i at alle akvakulturløyve bør tildelast av statlege styresmakter. Dersom forslaget berre omfattar statleggjing av den koordinerande rolle som fylkeskommunane har i dag, kan Vestland fylkeskommune vanskeleg sjå at dette vil gi ei meir effektiv og samordna forvaltning.
9. Vestland fylkeskommune ynskjer at dagens løyveprosess vert effektivisert ved at staten i større grad presiserer kva dei ulike statlege organa skal fatte vedtak om og gje uttale til.

Samandrag

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt på høyring NOU 2023:23 Helhetlig forvaltning av akvakultur for berekraftig verdiskaping. Utvalet vart utnemnt for å vurdere korleis løyvesystemet for akvakultur bør innrettast for framtida. Forslaga frå utvalet byggjer på målsetjinga om å oppnå størst mogleg verdiskaping innanfor berekraftige rammer. Utvalet har foreslått ei rekkje endringar i forvaltninga av akvakulturnæringa, mellom anna: forslag som bidreg til betre arealplanlegging og betre lokalitetsstruktur, forslag om endringar i akvakulturløyve, forslag om å avvikla fleire løyve til særlege formål og løyve med særskilde driftsvilkår, forslag om at selskapsløyve som hovudregel bør tildelast gjennom auksjon og at selskapsløyve til andre artar enn laks, aure og regnbogeaure bør tidsavgrensast, forslag om nye handlingsreglar for drift og berekraftig vekst, og forslag som gir sterkare insentiv til å bidra til betre miljøtilstand og som fremjar utvikling og bruk av utsleppsreducerande teknologi.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Nærings- og fiskeridepartementet sende den 29.09.2023 på høyring NOU 2023:23 Helhetlig forvaltning av akvakultur for berekraftig verdiskaping. Høyringsfrist er 02.01.2024.

Utvalet vart utnemnt ved kongeleg resolusjon 8. oktober 2021 for å vurdere korleis løyvesystemet for akvakultur bør innrettast for framtida. Utvalet vart gitt eit utvida mandat av Nærings- og fiskeridepartementet 19. april 2023 med å vurdere tiltak for å fremja teknologiutvikling, som vurdering av miljøteknologiløyve.

Utvalet har hatt som mandat å sjå på korleis løyvesystemet for akvakultur bør blir innretta for framtida. Viktige element:

- Vurdere utforming av eit heilskapleg løyvesystem, som både varetek omsynet til ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa og som legg til rette for størst mogleg verdiskaping for samfunnet.
- Vurdere om og i kva grad biotryggingsomsyn bør implementerast i løyvesystemet.
- Evaluera ordninga med avgrensing av løyva i maksimal tillaten biomasse.
- Vurdere om framtidige oppdrettsløyve bør vera tidsavgrensa.
- Vurdere implementering og overgang til eit ev. nytt system.
- Vurdere korleis ei kunnskapsorientert forvaltning av havbruksnæringa kan gå føre seg på ein effektiv og samordna måte.
- Vurdere behovet for og ev. foreslå endringar i akvakulturlova, og ev. andre lover som er ramma av forslaga.
- Tilleggsmandat. Vurdere ulike tiltak for å fremja teknologiutvikling som gir meir berekraftig vekst. Utvalet skulle mellom anna vurdere ei ordning med miljøteknologiløyve med definert volum, og verkemiddel innanfor rammene av trafikklyssystemet.

Norsk akvakulturverksemd er i dag dominert av produksjon av laks og regnbogeaure. Akvakulturnæringa er ein utprega kyst- og distriktsnæring. Veksten dei siste tiåra har ført til at akvakulturnæringa har vorte ein av Noregs største eksportnæringar.

Veksten i næringa har også medført at næringa står overfor store utfordringar knytt til miljø, biotryggleik og fiskevelferd. Fleire formål og prinsipp i akvakulturregelverket har endra seg over tid. Samtidig har akvakulturløyve lenge vore eit sentralt verkemiddel for å vareta ei rekkje omsyn. Som ein konsekvens av tilpassingar over tid har løyvesystemet gradvis vorte så fragmentert og komplekst at det ikkje fungerer på ein tilstrekkeleg effektiv og formålstenleg måte. Dette tilseier at det no er behov for ein heilskapleg gjennomgang av heile løyvesystemet for akvakultur.

Utvalet vart bede om å forma ut eit heilskapleg løyvesystem som skal vareta fleire omsyn, under dette biotryggleik, miljøomsyn og næringsutvikling. For å svara på denne oppgåva har utvalet funne det nødvendig å vurdere fleire verkemiddel enn berre løyve til akvakultur. Vidare har utvalet valt å konsentrera arbeidet om forhold knytt til akvakultur i sjø og innanfor verkeområdet til plan- og bygningslova, det vil seia kystnær akvakultur.

Forslaget utvalet har til eit heilskapleg forvaltningssystem for akvakultur er retta mot størst mogleg verdiskaping innanfor berekraftige rammer. Dette inneber å vareta omsyna til klima og miljø, økonomisk vekst og ei akseptabel fordeling av verdiskapinga. Ei effektiv forvaltning av akvakulturnæringa, med nødvendig kompetanse og samordning på tvers av dei ulike involverte offentlege instansane, er avgjerande for å oppnå denne målsetjinga. Sentrale utfordringar inkluderer både å sikra tilstrekkeleg eigna areal til akvakultur og å utvikla effektive løysingar for bruk og fordeling av tilgjengelege areal. Vidare er det avgjerande å sikra god biotryggleik, god fiskevelferd og akseptabel miljøpåverknad for å leggja til rette for framleis vekst innan akvakultur. Eit nytt, heilskapleg forvaltningssystem for akvakultur må gi sterkare insentiv til berekraftige val som varetek biotryggleik og miljø. Dette vil mogleggjera vekst i næringa også i framtida.

Betre arealplanlegging for akvakultur og betre lokalitetsstruktur

Eit samla, lett tilgjengeleg og godt kunnskapsgrunnlag i éin felles digital infrastruktur vil leggja eit betre grunnlag for arealplanlegging. Tidleg og brei involvering av alle relevante aktørar vil bidra til gode planprosessar. Revidering av arealplanar bør samordnast i større område. Statleg myndigheit bør overta større delar av ansvaret og styresmakt for å utarbeida og vedta arealplanar for sjøområda. Utvalet meiner at statlege styresmakter bør utarbeida og vedta ein tematisk plan for akvakultur med involvering av kunnskapsinstitusjonar, kommunar, fylkeskommunar, regionale statlege styresmakter, ramma organisasjonar og andre interessentar. Den tematiske planen for akvakultur må forplikta arealplanlegginga i kommunane. Akvakulturstyresmaktene bør gjevast tydelegare tilgang og mandat til å fremja innvending til kommunale og regionale planar som er i strid med tematisk plan for akvakultur eller som på annan måte ikkje i tilstrekkeleg grad varetek omsynet til heilskapleg planlegging for akvakultur. Det er vidare nødvendig å utarbeida ein tydeleg rettleiar for konsultasjonar i planprosessar som omtaler sjøsamiske interesser og akvakultur.

Utvalet foreslår at reguleringa med produksjonsområde for laksefisk blir vidareført, og at eigna produksjonsområde blir definert for artar det er naturleg å sjå i samanheng, mellom anna av omsyn til biotryggleik.

Det bør innførast branngater, det vil seia buffersoner for å minimera smittespreiing, mellom produksjonsområda for artar det er naturleg å sjå i samanheng. For laksefisk bør det vera branngater mellom dei etablerte produksjonsområda. Akvakulturanlegg som ikkje påverkar biotryggleiken, bør likevel kunna liggja i branngatene.

Det må leggjast til rette for auka koordinering og samarbeid mellom aktørane med mål om å betra biotryggleik, miljø og fiskevelferd. Det vil vera behov for gode plattformer for dialog og kunnskapsutveksling mellom næringsaktørar, styresmakter og kunnskapsinstitusjonar for å drøfta og identifisera formålstenlege løysingar og samordning når lokalitets- og driftsstrukturar skal etablerast og justerast. Forvaltninga bør ta endeleg avgjerd om samordning mellom anna ved å godkjenne drifts- og lakselusplanar.

Formålsregelen i akvakulturlova bør uttrykkja kva lova skal fremje

Akvakulturlova har ei sentral rolle i reguleringa av akvakulturverksemd. Utvalet meiner formålsregelen i akvakulturlova bør endrast for å uttrykkja dei mest overordna og grunnleggande verdiane som lova skal fremja, nemleg langsiktig verdiskaping og berekraft. Vidare bør kva som ein siktar til med akvakultur blir endra og bli presisert i lova.

Akvakulturløyve bør bestå av lokalitets- og selskapsløyve

Det bør framleis vera krav om løyve for å driva akvakultur. Løyva bør gi rett til produksjon av bestemte artar i eit bestemt omfang på spesifiserte, avgrensa geografiske område (lokalitetar). Alle akvakulturløyve bør omfatta to element: eit selskapsløyve og eit lokalitetsløyve. Dette betyr at løyve til andre artar enn laks og aure vil få det same "løyveregimet" som laks og aure. Eit lokalitetsløyve kan knytast til fleire selskapsløyve, og eit selskapsløyve kan knytast til fleire lokalitetsløyve.

Lokalitetsløyvet bør berre avgrensa det geografiske arealet til lokaliteten, og vera utan mengdeavgrensing. Tildelt areal må vere større enn sjølve anlegget, slik at det er rom for justeringar av installasjonane. Omfanget av akvakulturverksemda på lokaliteten vil likevel bli avgrensa av føresegnar i anna regelverk og løyve etter andre lovverk. For lokalitetsløyve som i dag har ei mengdeavgrensing, bør det vurderast overgangsordningar for å vareta omsyn til miljø, biotryggleik og føreseielegheit for aktørane.

Selskapsløyvet bør ha ei mengdeavgrensing for å vareta miljø- og biotryggingsomsyn, for å kontrollera samla påverknad på omgivnadene og andre aktørar, og for å sikra effektiv allokering av nye løyve ved auksjon. Maksimalt tillaten biomasse (MTB) bør førast vidare som mengdeavgrensing i løyve som i dag er avgrensa i MTB.

Utvalet meiner prinsipielt at alle selskapsløyve bør vera knytt til eitt spesifikt produksjonsområde av biotryggingssyn. Det bør greiast ut nærare om, og i kva grad, det likevel skal vera mogleg å utnytta løyvekapasitet utanfor det aktuelle produksjonsområdet, mellom anna av effektivitetsomsyn.

Løyve bør differensierast for ulike artar, stadium i produksjonen og geografiske område

Utvalet meiner lovverket bør skilja mellom løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure på den eine sida, og løyve til akvakultur med andre artar på den andre sida. Kvant akvakulturløyve bør spesifisera kva art eller kva artar løyvet omfattar.

Akvakulturløyve kan skilja mellom tidlege og seine livsstadium av kvar art. Særskilde løyve til stamfisk bør etablerast eller førast vidare for artar der det er aktuelt å driva avl, men slik at løyva berre blir brukte til systematisk avlsarbeid. Skiljet mellom setjefisk og matfisk i løyve for akvakultur av fisk bør greiast ut nærare med sikte på oppheving.

Tildeling av lokalitetsløyve bør skilja mellom lokalitetar i ulike geografiske område: til havs, i sjø, på land og i ferskvatn. All akvakulturverksemd som påverkar relevante avgrensande miljøforhold i sjø bør likevel omfattast av same type selskapsløyve, uavhengig av om produksjonen skjer på land, i sjø, til havs eller i ferskvatn. Tildelingssystemet bør innrettast slik at akvakultur med lik påverknad på miljøet, har samanliknbare rammevilkår uavhengig av geografisk område.

Løyve til særlege formål og med særlege driftsvilkår bør i all hovudsak unngåast

Ei rad ulike typar akvakulturløyve er tildelte for å fremja særlege formål eller med særlege driftsvilkår. Særloyme er eit kostbart og lite gjennomslagskraftig verkemiddel og har i fleire tilfelle vist seg å ikkje gi tilstrekkeleg måloppnåing. Utvalet foreslår å avvika løyve til visningsformål, undervisningsformål og fiskepark.

Utvalet tilrår at dei regulatoriske rammene for bruk av slaktemerke blir greidde ut nærare. Denne vurderinga bør vega omsynet til effektiv produksjon, kvalitet og kapitalutnytting opp mot omsynet til biotryggleik.

Det er gode prinsipielle argument for offentleg verkemiddelbruk for å stimulera til forskning og utvikling. Prinsipielt bør finansiering av forskning skje ved bruk av andre verkemiddel enn gjennom tildeling av forskingsløyve som gir innehavar store inntekter. Dagens ordning med forskingsløyve må gåast gjennom for å sikra at løyvekapasitet gitt til forskning oppfyller formålet. Utvalet meiner forskingsløyve primært må vareta behovet for å sikra kritisk forskingsinfrastruktur, og ikkje blir gitt med formål om å finansiera forskings- og utviklingsaktivitet. Det bør greiast ut nærare korleis ordninga kan bli meir målretta, transparent og rett skalert for å sikra at ho blir brukt i tråd med intensjonen. Tildelingsprosessen bør sikra konkurranse og bidra til at dei beste prosjekta med høg kvalitet og relevans blir vald.

Omfattande bruk av særlege driftsvilkår i akvakulturløyve fører til dårleg ressursforvaltning, unødvendig byråkrati og redusert verdiskaping. Vurderingar av kva som blir rekna som gode kriterium og kva mål dei skal vareta, vil også endra seg over tid. Utvalet meiner derfor at særskilde driftsvilkår ikkje bør knytast direkte til akvakulturløyve, og at løyve med slike vilkår bør konverterast til ordinære løyve. Meir generell regulering av drift kan vareta dei same omsyna på ein meir effektiv måte og kan i større grad endrast i takt med utviklinga.

Føreseielege og effektive mekanismar for tildeling, endring, tidsavgrensing, overdraging, leige og registrering av akvakulturløyve

Utvalet meiner selskapsløyve som hovudregel bør tildelast ved auksjon, medan lokalitetsløyve bør tildelast etter søknad og utan vederlag. Alle akvakulturløyve bør tildelast av statlege myndigheiter.

For å oppnå målsetjingane om størst mogleg verdiskaping innanfor berekraftige rammer er det viktig å leggja til rette for effektiv akvakulturverksemd med føreseielege rammevilkår. Tilgangen til å gjera endringar i akvakulturløyve bør derfor vera tydeleg avgrensa. Samtidig må reguleringa vareta

høvet styresmaktene har til å gjera nødvendige endringar når viktige samfunnsmessige omsyn tilseier det.

Utvalet meiner prinsipielt at både nye og eksisterande selskapsløyve bør vera tidsavgrensa. Likevel bør det ikkje innførast ei tidsavgrensing på selskapsløyve til laks, aure og regnbogeaure som er ei akvakulturnæring med modne verdikjeder og grunnrenteskatt. Dersom det seinare blir innført ei tidsavgrensing på eksisterande selskapsløyve for laks, aure og regnbogeaure, bør tidsavgrensinga innførast med lang varigheit og etter ei grundig konsekvensutgreiing. Utvalet meiner det ikkje er behov for å innføra ei tidsavgrensing på lokalitetsløyve, og at det primært bør brukast andre verkemiddel for å sikra god lokalitetsstruktur.

Utvalet meiner det bør vera tilgang til å overdra selskapsløyve, men ikkje tilgang til å overdra lokalitetsløyve. Eit forbod mot overdraging av lokalitetsløyve bør greiast ut nærare. Utvalet meiner vidare at det bør vera tilgang til å leiga selskapsløyve, men ikkje lokalitetsløyve. Utvalet meiner det framleis skal vera tilgang til samdrift og samlokalisering på lokalitetar. Forskjellen mellom leie av lokalitet, samdrift og samlokalisering bør klargjerast. Regulering av leie av selskapsløyve bør greiast ut nærare.

Akvakulturregisteret bør reindyrkast som eit realregister og varetta funksjonane av registeret angitt i akvakulturlova. Opplysningar knytt til forvaltnings- og kontrollformål bør samlast i ein eigen data-base eller portal for akvakulturdiftsdata.

Både drift og vekst i akvakulturnæringa må regulerast for å sikra berekraft

Dagens handlingsregel for berekraftig vekst, trafikklssystemet, har fleire element som etter vurderinga av utvalet fungerer godt, og utvalet meiner at vekst i form av tildeling av auka kapasitet i nye eller eksisterande løyve bør følgja ein handlingsregel også i eit nytt system. Likevel bør handlingsregelen for vekst blir endra slik at systemet bevegar seg mot ei langsiktig likevekt der miljøpåverknaden er akseptabel (grøn), i staden for moderat (gul) som i dagens trafikklssystem. Dei individuelle insentiva til å sikra tilstrekkeleg god miljøtilstand ved kvart enkelt anlegg er ikkje sterke nok i dagens trafikklssystem. Utvalet foreslår derfor ei rekkje tiltak innanfor driftsregelverket for å styrkja desse insentiva.

I tillegg til ein handlingsregel for vekst, foreslår utvalet at driftsregelverket blir styrt av ein eigen handlingsregel der miljøtilstand i kvart produksjonsområde avgjer regimet for drift. Utvalet tilrår vidare at aktørane blir gitt høve til å auka produksjonen ved å velja produksjonsteknologi med lågare miljøpåverknad enn konvensjonell teknologi. Utvalet meiner dagens ordning med reduksjon av løyvekapasitet (nedtrekk) i område med uakseptabel miljøpåverknad ikkje bør vera ein del av ein framtidig handlingsregel.

Utvalet meiner at løyve til særlege formål generelt bør omfattast av dei verkemidla som følgjer av ein handlingsregel for berekraftig drift, men at desse løyva ikkje bør omfattast av tilbod om auka løyvekapasitet.

Utvalet foreslår at tiltak for å sikra forsvarleg drift gitt lakselus belastninga bør følgja ein fagleg fundert og føreseieleg handlingsregel som differensierer tiltak som lakselusgrenser, -avgifter og -kvotar etter miljøtilstanden i kvart enkelt produksjonsområde. Maksgrense for gjennomsnittleg antall lakselus per fisk på kvar lokalitet bør førast vidare, og det bør i tillegg innførast ei lågare tiltaksgrense. Dersom tiltaksgrensa blir overskriden er det forventa at aktørane set i verk tiltak mot lakselus. Det bør innførast ei avgift på talet på lakselus i anlegget som overskrid tiltaksgrensa. Avgifta bør greiast ut nærare. Det bør vidare greiast ut, med sikte på innføring, ein maksimalkvote for det samla talet lakselus på produksjonsområdenivå med formål om å avgrensa den totale lakselus belastninga per produksjonsområde dersom miljøtilstanden ikkje er akseptabel. Lakseluskvota kan til dømes formast ut som ein sesongtilpassa utsleppskvote per selskap.

Samla sett er kombinasjonen av desse reguleringane forventa å avgrensa utslepp av lakselus på ein måte som gir kvar enkelt aktør fleksibilitet til å velja når, kvar og korleis tiltak mot lakselus skal gjennomførast, samtidig som det sikrar at drifta skjer innanfor miljømessig forsvarlege rammer.

Utvalet meiner utslepp av miljøskadelege stoff primært bør regulerast gjennom grenseverdiar i regelverk. Vidare bør det greiast ut ei avgift på miljøgifter som blir akkumulerte og reduserer kapasiteten til miljøet over tid, eventuelt med ei refusjonsordning for oppsamla utslepp.

Utvalet meiner det bør leggjast betre til rette for, og givast insentiv til, utvikling og bruk av produksjonsmetodar som mogleggjer auka produksjon utan at dette går ut over miljøet. Ein kombinasjon av prisa utslepp og offentleg støtte kan gi insentiv til å redusera miljøpåverknad. Utvalet meiner teknologiutvikling i all hovudsak bør skje utan tildeling av særlyve.

Fiskevelferd og fiskehelse må bli betre

Fiskevelferda i akvakultur må betrast betrakteleg. Forslaget utvalet har til eit heilskapleg forvaltningssystem søkjar å raskt redusera utfordringane knytt til biotryggleik og miljø. Utvalet meiner det heilheitlege forslaget også vil adressera hovudutfordringane knytt til dårleg fiskevelferd og fiskehelse.

Vedtakskompetanse: fylkesutvalet kan gje uttale.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Bortfall av inntekt frå utleige av undervisningsløyve vil kunne få konsekvensar for akvakulturutdanninga i vidaregåande skule.

Klima: Endringane vil kunne gje redusert miljøpåverknad

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Dersom eit stateleg organ overtek hovudansvaret for tilrettelegginga for akvakultur i sjø på eit regionalt nivå mister fylkeskommunen denne oppgåva.

Utvalet har levert ein omfattande rapport på 193 sider. Til saman er det gjort framlegg om 90 meiningspunkt frå utvalet som er grunngeve og skildra fagleg i detalj, samt at mange av tiltaka til dels grip inn i kvarande. Meiningspunkta til utvalet er skildra i bakgrunnen over. På grunn av litt knapp skrivefrist er det sett søkelys på dei delane av rapporten som er viktigast for fylkeskommunen å gje innspel på, og det er gjort vurderingar og gjeve kommentarar i høve til nokre tiltak som vert vurdert å få størst verknad for rammevilkåra for å drive med akvakultur i Vestland fylke.

Arealplanlegging og forvaltning (kap. 7 i rapporten)

Kunnskapsgrunnlaget for planlegging for akvakultur

Vestland fylkeskommune har mynde og ansvar på fleire område med koplingar til forvaltning av akvakulturverksemda. Fylkeskommunen er ansvarleg mynde for tildeling av løyve og klarering av lokalitetar etter Akvakulturlova, og ansvarleg mynde med motsegnrett på vegne av akvakulturinteressene etter Plan- og bygningslova. Vestland fylkeskommune har mynde og ansvar for forvaltings- og rettleiingsoppgåver med mandat i plan- og bygningslova, mellom anna knytt til å sikre gode planprosessar, medverknad, kvalitet på vurdering av verknader av planer, konsekvensutgreiingar og motsegnrett. Fylkeskommunen gjev uttale til arealplanar på alle nivå, og vidare har fylkeskommunen ansvar for gjennomføring og koordinering av planforum.

Sjølv om det i dag ligg føre eit omfattande kunnskapsgrunnlag som er relevant for arealplanlegging meiner utvalet at auka kunnskap om mellom anna miljøforhold, eigna areal for ulike former for akvakultur, spreining av smittestoff, og interesser knytt til ulike former for bruk og vern av areal vil styrkja grunnlaget for å forvalta areala og planleggja for akvakultur. I store område langs kysten er det framleis avgrensa informasjon om mellom anna botnforhold, terreng, naturmangfald, straum og bølger, heiter det.

Vidare blir det påpeika at kunnskapsgrunnlaget som i dag ligg til grunn for arealplanlegging blir samla inn og forvalta av ei rekkje ulike aktørar i ulike sektorar og på ulike forvaltningsnivå. Det er i dag fleire kartportalar som blir forvalta av ulike forvaltningsorgan og med til dels ulike data (t.d. Barentswatch, Yggdrasil, Naturbase, Kystinfo m.fl.).

Sjølv om det finst svært mykje data, er det utfordrande å få oversikt og tilgang til relevante data og vurdere korleis dei skal brukast. Det er også varierende kvalitet på datasetta, mange av desse er forelda og mangelfulle, og det er derfor behov for kvalitetssikring og fagleg tolking av data.

Utvalet meiner eit samla og samlande kunnskapsgrunnlag som er lett tilgjengeleg i ein felles digital infrastruktur vil bidra til betre oversikt. Dette kan brukast som grunnlag for å vurdere kvar det kan planleggjast for akvakultur.

Vestland fylkeskommune er samd i at kunnskapsgrunnlaget må bli betre, og støttar forslaget om å samle relevant kunnskap i ein felles digital infrastruktur.

Heilskapleg planlegging for akvakultur

Utvalet peikar på at det er fleire omsyn som krev vurderingar på tvers av administrative grenser i sjø, under dette både at eigenskapane til sjøen blir endra og blir påverka på tvers av administrative inndelingar og at akvakulturanlegg har gjensidig påverknad på kvarandre og på miljøet (t.d. spreiring av lakselus og andre smittestoff). For å oppnå ei heilskapleg og effektiv arealplanlegging og ein best mogleg lokalitetsstruktur for akvakultur, er det derfor nødvendig å sjå større område i samanheng på tvers av kommunegrensene. Utstrekkinga til planområda bør derfor fastsetjast slik at det kan leggjast til rette for ein best mogleg lokalitetsstruktur som varetek omsynet til biotryggleik, under dette brakkleggingssoner og «branngater», for å dempa smittespreiing, heiter det.

Utvalet føreslår som verkemiddel at ein skal ha tematisk plan for akvakultur, som går ut over den enkelte kommune sine grenser. Vestland fylkeskommune stør dette, då utfordringar og moglegheiter knytt til utvikling, drift og miljøomsyn i sjø ikkje er eigna å ta i vare i enkeltkommunar. I dag skal kommunen gjere nødvendig arealavklaring også i sjøområda, etter plan- og bygningslova. Som utvalet peikar på skjer det ved at område blir sett av til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel, og at akvakulturanlegg i all hovudsak blir lokalisert innanfor desse. Slik ligg fleire opplysningar først føre ved lokalitetsavklaring, som med fordel kan inngå i kunnskapsgrunnlaget for arealplanlegging. Utvalet meiner dette taler for at vurderingar som i dag blir gjort ved behandling av søknader om lokalitetsklarering blir flytta til arbeidet med arealplanar. Samstundes kan det settast tydelege krav til omfanget av vurderingane som skal gjerast i arbeidet med arealplan. Med føresetnad om eit samla, lett tilgjengeleg og godt kunnskapsgrunnlag (her under marine grunnkart), i ein felles digital infrastruktur, stør Vestland fylkeskommune dette.

Fylkeskommunen vurderer at statlege styresmakter ikkje bør utarbeida og vedta ein tematisk plan for akvakultur. Plan- og bygningslova gjev avgrensa tilgang til slike planar (pbl §6-4), og vi meiner det er få døme å støtte seg på for å vurdere at ei slik løysing blir god. Her meiner vi å erfare at regionalt nivå har betre legitimitet, både ut frå erfaring og eksisterande oppgåver, men også med tanke på det regional perspektivet fylkeskommunen har. Slike arbeid treng lokal og regional forankring for god medverknad og samarbeid med kommunar, kunnskapsinstitusjonar, regionale statlege styresmakter, og andre organisasjonar og interessentar. I Nasjonale forventningar (2023-2027) legg ein vekt på regionalt nivå si rolle mellom anna slik:

Regionale vurderingar og avveiningar vil kunne bidra til å redusere konflikter, vurdere areal- og energibehovene på tvers av kommunegrensene og styrke utviklingen i regionen.

Utvalet tilrår at interkommunale/regionale/statlege tematiske planar for akvakultur må forplikta arealplanlegginga i kommunane. Nasjonale forventningar seier mellom anna dette om trongen for eit tydeleg og forpliktande regionalt perspektiv:

Kystsonen er under økende press, og oppdaterte planer er avgjørende for å sikre en bærekraftig utvikling av akvakulturnæringen. Lokalisering av nye områder for akvakultur må vurderes i et regionalt og interkommunalt perspektiv. Interkommunale kystsoneplaner er et

egnet virkemiddel for å legge til rette for en god plassering av akvakulturområder, og det er viktig at ny kunnskap om miljømessige konsekvenser blir vurdert.

Interkommunale og regionale planar kan i større grad sikre heilskap og samanheng mellom utviklinga av akvakulturnæringa og arealbehovet, og ansvaret for friluftsliv, verdifulle naturområde, naturmangfald, kystlandskap, kulturminne og kulturmiljø. Dette er omfattande og komplekse omsyn, og vi treng tryggare og meir effektive styringsverktøy. Vestland fylkeskommune meiner at tematiske planar for akvakultur over kommunegrensar bør vere tydelegare og meir forpliktande enn slik planverket er no.

Frå ein regionalt nivå, ser vi trong for samordning mellom arealplanar og tiltak, slik utvalet også har vore opptatt av. Fylkeskommunen meiner at det regionale nivået, med fagkunnskap og struktur for samordning, vil vere best eigna til samordning mellom planprosess og lokalitetsklaringsprosess. Vi står også utvalet i vurderinga av trong for avklaring mellom plan- og bygningslova og sektorlover.

Utvalet har forslag om at staten skal stille tydelegare krav til faste intervall og samordne revidering av kommuneplanen sin arealdel for tilgrensande kommunar. Dette vurderer vi som utfordrande, då vi kjenner mangfaldet av kommunar og deira situasjon på dette punktet. Hovudutfordringa er svært stor variasjon knytt til ressursar i kommunane, men også at kommuneplanarbeidet er komplekst og nasjonale krav til planlegging har auka. Det er allereie svært utfordrande for kommunane å fange opp og integrere nye rammer for arealplanlegging, også fordi nye regionale føringar blir utforma parallelt med kommunane sine overordna planoppgåver etter valet. Om staten skal vere tydelegare i krava sine her, må ein gjere endringar i rammene for kommunal planlegging.

Vestland fylkeskommune meiner vi kan oppnå mykje med kompetansen forvaltingsnivået har per i dag. Vidare rår vi til betre samordning i fylkeskommunen, og styrking av rolla regionalt nivå har i planprosessar.

Utvalet viser til fleire eksisterande verkemiddel i plan- og bygningslova som kan nyttast ved planlegging for akvakultur i større område. Dei mest aktuelle verkemidla er interkommunale arealplanar, regionale planar og statlege planretningslinjer.

For å få til ein meir heilskapleg planlegging for akvakultur er utvalet tydeleg i sine forslag på at staten må få større avgjerdsmynde:

- 4. Statlege styresmakter bør stilla tydelegare krav enn i dag om faste intervall og samordna revidering av kommuneplanens arealdel for kommunar i tilstøytande sjøområde.*
- 5. Statlege styresmakter bør fastsetja avgrensing av planområda i sjø, eksempelvis ved pålegg om interkommunalt plansamarbeid i nærare bestemte geografiske område eller gjennom statlege planretningslinjer for planlegging i sjøområda.*
- 6. Ei statleg styresmakt bør overta større delar av ansvar og styresmakt for å utarbeida og vedta arealplanar for sjøområda. Det må sikrast at kommunane er tilstrekkeleg involvert i prosessane.*
- 7. Statlege styresmakter bør stilla tydelegare krav og gi betre rettleiing om kunnskapsgrunnlag og konsekvensutgreiingar i planprosessar.*
- 8. Statlege og regionale styresmakter bør vera sterkare og tidlegare involvert i planprosessar og bidra til tilgang på areal og ein formålstenleg lokalitetsstruktur for akvakultur.*
- 9. Ansvaret for å ivareta akvakulturinteresser i arealplanar bør gjerast tydeleg i forvaltninga.*
- 10. Akvakulturstyresmaktene bør i større grad enn i dag blir gitt tilgang til å fremja innvending dersom det ikkje er sett av tilstrekkelege eigna areal til akvakulturformål.*

Nokre av forslaga i punkta 4-10 over kan vera formålstenleg å gjennomføra for å oppnå målsetjinga om heilskapleg og effektiv arealplanlegging over større område, som m.a. legg til rette for ein best mogleg lokalitetsstruktur, særleg med tanke på smitteførebygging. Men fylkeskommunen åtvarar sterkt mot å ta for mykje styresmakt frå kommunane, spesielt vedtaksstyresmakta (jf. punkt 6 over). Ein bør i det heile vera varsamt med for mykje statleg overstyring av kommunal arealplanlegging. Dersom kommunen opplever å mista myndigheit til å styra over eigne areal, vil motstanden mot å

leggja ut areal til akvakultur og anna næringsutvikling auka. At planstyresmakta ligg til kommunestyret som folkevalt organ, gir arealprioriteringane ei demokratisk forankring og legitimitet. Dette er avgjerande for at arealprioriteringane skal ha lokal forankring og aksept.

Tidlegare var det i større grad lokal eigarskap i lakseoppdrettsnæringa, det kunne vera bygda sine egne innbyggjarar som hadde starta og dreiv verksemda. Dette har endra seg mykje dei siste tiåra, samtidig som lokalitetane og arealbruken stadig har vorte større. I Vestland fylke er det ein variert eigarstruktur med både store og små familieeigde selskap med lokal forankring, og store børsnoterte selskap utan lokal eller regional eigarskap, og kor mykje av overskotet som blir generert går til utbytte for aksjonærene. Det er den tilnærma kostnadsfrie tilgangen til svært gode produksjonsforhold i dei sjøareala som kystbefolkninga historisk har utnytta yrkesmessig og til matauke og rekreasjon, som har vore grunnlaget for veksten til næringa og gode lønnsemd dei seinare åra.

Tilgang til eigna areal er ein avgrensande faktor og er no ein av dei store utfordringane for vidare utvikling og vekst i næringa. Samtidig opplevast motstanden mot næringa å vera større og viljen mindre til å prioritera areal – spesielt til tradisjonelt merdbasert lakseoppdrett. Dersom kystkommunane opplever å mista råderetten over eigne sjøareal vil truleg næringa mista mykje av den goodwillen han framleis har ute i lokalsamfunna. Lakseoppdrettsnæringa slit med omdømmet sitt i befolkninga og statleg overstyring av kommunane kan forsterka dette.

Bruk av statlege planretningslinjer for planlegging i sjøområda kan vera eit godt verktøy, slik det blir foreslått i punkt 5. Vidare er det eit godt forslag at statlege styresmakter sørgjer for betre rettleiing om kunnskapsgrunnlag og konsekvensutgreiingar i planprosessar (jf. punkt 7). I den samanhengen vil det vera nødvendig med eit større statleg ansvar for å styrkja kunnskapsgrunnlaget.

Ei omfattande overføring av planmyndigheit til staten i denne samanhengen vil vera å gå motsett veg av prinsippet om at dei som er nærast og blir mest ramma av eit tiltak skal ha høve til medråderett og innverknad i saka. Det er vidare eit tankekors at ein her foreslår å gå motsett veg av det ein no ser i andre sektorar, til dømes i kraftsektoren - der ein ved utbygging av vindkraft har overført styresmakt frå stat til kommune.

Fylkeskommunen har sidan forvaltningsreforma i 2010 vore koordinerande og løyvegivande styresmakt for akvakultur. I løpet av denne perioden har fylkeskommunen tileigna seg god og detaljert kunnskap om akvakulturnæringa i Vestland. Dialogen og samordninga med sektorstyresmaktene har vore god. Etter det me høyrer i dialogen med næringa, er også næringsaktørane nøgd med den jobben fylkeskommunen gjer i regionen. Me har god innsikt i dei areal- og lokalitetsrelaterte problemstillingane rundt om i fylket. Rolla som akvakulturforvaltar, regional utviklingsaktør og planstyresmakt, med god kunnskap om regionale og lokale forhold, tilseier at fylkeskommunen er vel så godt eigna til å vareta akvakulturinteressene i planprosessane som ein statleg etat.

Vestland fylkeskommune si vurdering er at omsynet til lokaldemokrati og medverknad tilseier at ein bør styrke kommunane og fylkeskommunane i staden for at staten skal overta større deler av ansvaret og myndigheit for å utarbeide og vedta arealplanar i sjøområda.

Miljøpåverknad. (kap. 8 i rapporten)

Havbruksnæringa har etterlyst innføring av incentiv som vil kunne bidra til teknologisk og berekraftig utvikling. Miljøteknologiordninga med ein ny type særøyve med konsept som mellom anna sørger for null utslepp av lakselus var på høyring vinteren 2021/2022, og i sak 16/2022 i Fylkesutvalet i Vestland 18.01.2022 vart det fatta følgjande samrøystes vedtak:

- 1. Vestland fylkeskommune ønsker etablert ei ordning for tildeling av miljøteknologiøyve i sjø til akvakultur med laks og aure.*
- 2. Vestland fylkeskommune meiner det er behov for ei ordning med løyve som gjev incentiv til innovasjon og teknologiutvikling. For å auka innovasjonsgraden bør ein stilla krav om at laksen skal stå i anlegg som tilfredstiller minste miljøkrav (null utslepp av egg og frittsymjande stadier*

av lakselus, samt minimum 60% oppsamling av slam) gjennom heile livssyklusen i sjø/fram til slakting.

3. Vestland fylkeskommune har forventningar til at dersom det kjem på plass løysingar som bidreg til eit havbruk som i mindre grad enn dagens oppdrett påverkar miljøet, vil det kunne bidra til auka produksjon, verdiskaping og sysselsetting.

4. Vestland fylkeskommune meiner at område med terskelfjordar og som i trafikklyssystemet har gult eller raudfarge må prioriterast ved tildeling av miljøteknologiløyve.

5. Vestland fylkeskommune tilrår at storleiken på vederlaget er tilpassa betalingsevna i innovasjonsmiljøa

Denne ordninga er ikkje på plass, men blei oversend i april i år til havbruksutvalet for vidare utgreiingar. Havbruksutvalet tilrår at det ikkje vert etablert ei ordning med miljøteknologiløyve, men eit framlegg om vidare utgreiingar av ei ny ordning for eksisterande akvakulturløyve dei kallar for miljøfleksibilitet. Havbruksutvalet meiner at teknologiutviklinga bør gå føre seg utan tildeling av særsløyve.

Hovudinnhaldet i miljøfleksibilitetsordninga er moglegheita til å flytte produksjonskapasitet mellom open produksjonsteknologi og teknologi med lågare utslepp, og det vert det opna for auke i tildelt produksjonskapasitet ved bruk av lågutsleppsteknologi. Forslaget om miljøfleksibilitet er godt og har potensiale i seg til vekst i Vestland på lang sikt.

Vestland fylke har høgast anleggstettleik i landet, og produksjonsområda i fylke har i trafikklyssystemet for 2022 raud farge. I kystsona og i fjordane i Vestland fylke er det noko sjøareal som er mindre egna for konvensjonelle opne merdanlegg. Dette kan vera på grunn av redusert vassutskifting i merdane eller topografiske forhold som terskelfjordar som gjev opphoping av organisk materiale på sjøbotn.

Vestland fylke har eit særskilt behov for ordningar som gjev incentiver til innovasjon og teknologiutvikling, og innføring av ei slik ordning må skje raskt og utan lange utgreiingsprosessar.

I dagens regelverk vert produksjonskapasiteten redusert med 6 % i raude produksjonsområde anna kvart år. Denne produksjonskapasiteten vert trekt tilbake. Regelverket opnar ikkje for at nedtrekket kan nyttast med teknologi som ikkje bidrar til utslepp av lakselus. I 2022 utgjorde nedtrekket 8892 tonn MTB i PO 3 og PO 4 (PO = produksjonsområde). Om denne store produksjonskapasiteten kunne vore nytta vidare med teknologi utan utslepp av lakselus kunne dette vore eit løft for innovasjon- og teknologiutviklinga. Drifta av denne produksjonskapasiteten vil i framtida oppfylle vilkåra om å ikkje påverke miljøindikatoren i trafikklyssystemet.

Produksjonsområdeforskrifta § 9 regulerer nedbygging av produksjonskapasitet ved uakseptabel miljøpåverknad. Denne er utforma som ein kan regel slik at det er mogeleg å ikkje gjennomføre nedtrekk i produksjonsområde som får raud farge i trafikklyssystemet. Dette opnar for at departementet i den påfølgjande kapasitetsjusteringsforskrifta kan opne for at nedtrekk kan nyttast med teknologi som ikkje bidreg til miljøpåverknad. Dette tiltaket bør kunne gjennomførast relativt raskt i samband ny fargelegging i trafikklyssystemet for 2024.

Vestland fylkeskommune meiner utfordringane som havbruksnæringa står overfor i Vestland viser at det snarast må gjerast endringar i regelverket som bidrar til ny miljøteknologi. Allereie ved fastsetting av forskrift om kapasitetsjustering i 2024 kan departementet opne for at produksjonskapasiteten som vert nedbygd i raude produksjonsområde kan nyttast i anlegg med teknologi som ikkje bidreg til utslepp av lakselus.

Akvakulturløyve for å ivareta særskilde omsyn (kap. 11 i rapporten)

For fylkeskommunen er det spesielt ordninga med undervisningsløyve som er viktig. Dette blir omtalt og blir derfor vurdert under.

Ungdom som har fullført grunnskulen eller tilsvarende opplæring, har etter opplæringslova rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. I tråd med gratisprinsippet skal offentleg vidaregåande

opplæring ikkje medføre kostnader for elevane. Det er eit offentleg ansvar å sørge for ein god yrkesretta vidaregåande opplæring innan akvakultur.

Det er skulen, eller skuleeigar, som er innehavar av undervisningsløyve, med ein maksimal tillat biomasse (MTB) på 780 tonn. Ofte vert det inngått ein privatrettsleg avtale med eit oppdrettselskap (leigetakar) om leige av dette løyve med ein variabel leigesum basert på produksjon/MTB-utnytting.

Midlane som kjem av avtalen, vert nytta til m. a. praksishall (undervisningsfasilitetar), heil- og deltidstillingar for drift av undervisningsløyve, skulefarty, utstyr og utvikling av høgare utdanning innan marine/maritime fag. Utleiga av løyve gjer det meir attraktivt for kommersielle aktørar å samarbeide med skulane og gjer samarbeidet tettare og meir forpliktande.

I NOU rapporten vert det sagt at det over tid har inntekta i akvakulturnæringa vakse monaleg meir enn kostnadane knytt til å finansiere utdanninga. Vert denne veksten reflektert inn i leigeavtalane vil eit løyve som for 10-20 år sida var tilstrekkeleg for å finansiere undervisninga - i dag gje langt høgare inntekt. Andre tilhøve som påverkar inntekta er m.a. ulike produksjonskostnadar mellom selskap. Det reiser spørsmålet om dei særlege føremåla burde vore finansiert direkte over offentlege budsjett.

Ein alternativ finansieringsmetode for yrkesretta opplæring er gjennom direkte offentleg overføring av midlar til utdanningsinstitusjonen. Dette er den føretrekte forma for finansiering av andre yrkesfaglege utdanningar i vidaregåande skule heiter det i rapporten.

I rapporten vert det konkludert med at ordninga med undervisningsløyve bør avviklast. Løyve som er tildelt med ei tidsavgrensing bør ikkje fornyast når løyve går ut. Løyve som er tildelt utan ei tidsavgrensing bør avviklast ved at det vert innført ei hensiktsmessig tidsavgrensing og at løyva ikkje vert fornya når tidsavgrensinga går ut. Sekundært, dersom ordninga med undervisningsløyve ikkje vert avvikla bør den gjennomgåast for å sikre transparens, treffsikkerheit og at det vert etablert standardiserte nasjonale kriteria for utleige og drift.

Utvalet føreset at det ved avvikling av undervisningsløyva vert sikra tilstrekkeleg finansiering til vidareføring av undervisningstilbodet, under dette tilgang til adekvat utstyr og fasilitetar. Det kjem og fram at å selje løyve er ein moglegheit til å finansiere drifta av linene på skulane. Her må det forutsetjast at midlane øyremerkast av skuleeigar til dette føremål.

For at undervisninga innan akvakultur skal bli mest mogleg realistisk er det viktig at elevane kjem ut på moderne oppdrettsanlegg. Her får dei sjå det siste av utstyr og moderne drift av eit anlegg. Ein slik ordning med tett samarbeide mellom oppdrettsverksemda og skulen fremmar dette. Dersom ordninga vert avvikla vil ikkje undervisninga gje eit realistisk innblikk i drift av eit anlegg. Å vise dette i eit tradisjonelt klasserom vert vanskeleg.

Det settast i dag strengare krav til anlegga med omsyn til miljø og berekraft, jfr eventuell innføring av ei miljøteknologi ordning. Her vil det bli sett høge krav til kompetanse og skal Vestland fylke klare å imøtekomme dette og utdanne elevane med rett kompetansen må det vere tilgang til gode undervisningstilhøve og moderne utstyr noko ein finn ute i næringa på nyare oppdrettsanlegg. Tilbodet ved skulane kan og bli dårlegare for fleire liner ved skulane fordi dei ikkje får midlar til kjøp av ulikt utstyr til undervisninga.

Vestland fylkeskommune meiner at avvikling av løyve til undervisning vil gje eit dårlegare undervisningstilbod for elevane spesielt på VG1 naturbruk og VG2 akvakultur. Vestland fylkeskommune fryktar at bortfall av undervisningsløyve vil svekke utdanninga fagleg og at fylket ikkje klare å dekke etterspurnaden etter kvalifisert personell i framtida.

Organisering av akvakulturforvaltninga (kap. 15 i rapporten)

Utvalet meiner statlege styresmakter skal tildela alle akvakulturløyve. Om dette blir vedteke og gjennomført vil det medføra at det forvaltningsansvaret som fylkeskommunane i dag har som

løyvegivande styresmakt for akvakulturløyve blir overført til ein statleg etat. Grunngevinga for konklusjonen frå utvalet om dette er vanskeleg å finne. I fleire omgangar kjem ein inn på at samordninga må bli betre, og det blir sitert og blir referert frå ulike tilårskomne rapportar og undersøkingar, utan at det blir bygd ei argumentasjonsrekkje for å grunngi dette forslaget. Det står fram som eit paradoks at den jobben som fylkeskommunane har gjort i rolla som akvakulturforvaltar sidan 2010 ikkje er evaluert i det heile, samtidig som det kjem fram fleire stader i utgreiinga at det er samordninga på statleg nivå i akvakulturforvaltninga som er for dårleg.

Utvalet er sjølv inne på at betre samordning ikkje nødvendigvis er synonymt med færre etatar eller faginstansar, og at mykje talar for at akvakulturforvaltninga krev innspel og vurderingar frå fleire ulike forvaltnings- og kunnskapsmiljø. Det er ulike samfunnsoppdrag og målsetjingar, og forvaltninga av akvakultur skal i sum vareta mange ulike omsyn, heiter det. Så lenge dei ulike sektorstyresmaktene er skild i ulike statlege direktorat og etatar, er det etter vår vurdering lite som tyder på at ei rein statleg akvakulturforvaltning vil betre samordning og effektivitet. I ein Nofima-rapport frå 2015 er inntrykket at dei ulike sektoretatane i høg grad varetek interesseområda sine, og at det dermed er utfordrande å få til ei overordna samla avveging av interesser i forvaltningsøyemed.

Inntrykket av fragmentering og manglande samordning kan også ha samanheng med at det verkar uklart kva som blir avgjort etter plan- og bygningslova og kva som blir avgjort etter akvakulturlova. Dette kjem av for dårleg grenseoppgang for kva som kan avgjerast i planfasen og kva som blir avgjort etter akvakulturlova i samband med søknad om lokalitetsløyve (tiltaksfasen), under dette kor langt plan- og bygningslova kan tøyast ved utforming av planreglar utan at det vedkjem forhold som blir avgjort etter sektorlovverket. Det må derfor på plass ei tydelegare klargjering av kor stort handlingsrom kommunane har etter plan- og bygningslova for å unngå overlapp med akvakulturlova, slik at ein i større grad enn i dag unngår at dei same problemstillingane kjem opp fleire gonger.


Dagens modell for tildeling av akvakulturløyve kan forbetrast og forenklast mykje, utan innføring av nye modellar eller ei omfordeling av styresmakt frå fylkeskommunalt til statleg nivå. Det mest formålstenlege vil vera å byggja på det ein har og forbetra dette, så lenge ein ikkje vil riva heile byggverket og gå for eit havbruksdirektorat med alle fullmakter. Kvifor ikkje gå for det motsette av det utvalet foreslår, og heller styrkja det regionale folkevalde nivået som tildelingsstyresmakt og samordnande styresmakt? Ei auka delegering av styresmakt i tildelingsforskriftene til regionalt folkevalt nivå vil bidra til mindre tidsbruk og meir heilskapleg forvaltning. Vidare kan delar av regelverket gjerne forenklast og blir oppdaterte til dagens røyndom i næringa og forvaltninga. Dette har fylkeskommunane spelt inn til departementet fleire gonger opp gjennom åra. Likevel blir innspela våre i lita grad følgt opp. I den grad det blir gjort endringar eller utforming av nytt regelverk som gjeld den jobben me er delegerte til å gjera, så opplever me i lita grad å bli involverte eller høyrde.

Om ein skal effektivisera søknadsbehandlinga, er det enklaste og beste ein kan gjera i dagens situasjon likevel å tilføra ressursar til dei statlege sektorstyresmaktene som slit med å få jobben gjort, særleg Statsforvaltaren og Mattilsynet. Dette vil m.a. ha stor effekt på tidsbruken for behandling av søknader.

Fylkeskommunane har sida overføringa av arbeidsoppgåver etter akvakulturlova samarbeid godt og oppretta eit eiga samarbeidsforum på landsbasis; Fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid (FAKS). Føremålet med dette samarbeidet er å sikre mest mogleg lik sakshandsaming, sørge for kunnskapsoverføring mellom dei ulik fylka osb. FAKS har utvikla ein vedtaksbase der alle vedtaka som fattast av fylka vert lagt inn. Årleg vert det rapportert til Næring og Fiskeridepartementet på tidsbruk ved handsaming av akvakultursøknadar. Samarbeidet i FAKS er godt organisert og fungere godt.

Tidsfrist forskrifta blei innført i samband med overføring av oppgåvene frå staten til fylkeskommunane. Denne skal medverka til ei effektiv søknadsbehandling av lokalitetar til akvakultur og regulerer forholdet mellom offentlege styresmakter. I forskrifta skal total

saksbehandlingstid frå søknaden er komplett ikkje overstiga 22 veker for kurante saker. Fylkeskommunen har i forskrifta ansvar for å registrera tidsbruk for involverte høyringsinstansar.



Figur 1: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid per instans for heile landet i åra 2020-2022. Nasjonalt er det særleg Statsforvaltaren og Mattilsynet som ikkje klarer å halda tilmålt saksbehandlingstid.

Fylkeskommunane har i det stor bilete klart å halde fristane for handsaming av søknader. Det er dei statelege organa som slit med lang handsaming av søknader.

Vestland fylkeskommune er usikker på kva utvalet legg i at alle akvakulturløyve bør tildelast av statlege myndigheiter. Dersom forslaget berre omfattar statleggjing av den koordinerande rolle som fylket har i dag, kan Vestland fylkeskommune vanskeleg sjå at dette vil gi ei meir effektiv og samordna forvaltning.

Vestland fylkeskommune meiner at det må bli tydelegare kva dei ulike statlege etatane skal fatte vedtak om og uttale seg til, for å effektivisere sakshandsamingstida.

Vestland fylkeskommune legg mykje innsats i å ha ei god akvakulturforvaltning, og vi har over tid trappa opp den marine innsatsen. Kartlegging av korallar og ein omfemnande innsats innan marine grunnkart skal gje betre grunnlag for å planlegge. Vestland fylkeskommunen har no også sett i gong eit større samhandlingsprosjekt: Styrka marin innsats – berekraftig sjømat. Her skal representantar for akvakulturnæringa, Innovasjon Norge, statlege etatar, kunnskapsmiljøa og kommunar samarbeide tettare for å løyse sentrale utfordringar innan akvakultur. Og god planlegging av areal til akvakultur er eitt av seks innsatsområde. Føremålet er å sikre god matproduksjon, verdiskaping og fiskevelferd – med lågare belastning på omgjevnadane våre.

Konklusjon

Utgreiinga inneheld ei rekkje forslag som vil få store konsekvensar for rolla til fylkeskommunen som akvakulturstyresmakt og regional planstyresmakt, og dessutan som drivar av vidaregåande undervisningstilbod. Det blir mellom anna foreslått at staten overtek det ansvaret som fylkeskommunen har i dag som tildelingsstyresmakt for akvakulturløyve. Forslaga kan få store konsekvensar for høvet kommunane har til å bestemma over eige sjøareal, ettersom det blir foreslått at staten bør overta ansvaret for dette. I utgreiinga blir det også foreslått at ordninga med undervisningsløyve i akvakultur blir avvikla. Dette vil gi dei vidaregåande skulane store utfordringar med å oppfylle krava i opplæringslova ettersom den praktiske delen av opplæringa som elevane i dag har, ved at dei kjem ut på oppdrettsanlegga, truleg vil forsvinna. Dette vil svekkja moglegheitene for rekruttering av kvalifisert arbeidskraft til akvakulturnæringa. Det er eit stort behov for ei meir styrka ordning som gjer incentiv til innovasjon og teknologiutvikling, og innføring av ei slik ordning må skje raskt og utan lange utgreiingsprosessar.

Vedlegg som følgjer saka:

Høyring av NOU 2023:23 Helhetlig forvaltning av akvakultur for berekraftig verdiskaping
Høyringsbrev frå Nærings- og fiskeridepartementet

